

Vedtatt i føretaksmøte  
den xx. september 2023



# Tilleggsdokument til styringsdokument 2023

## Helse Stavanger HF

1. Innleiing.....	2
2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasientsikkerheit.....	2
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp.....	4
4. Andre oppdrag.....	5
4.1 Spesialisthelsetenester til militært personell frå utlandet.....	5
4.2 Donasjon av ambulansar mv. til Ukraina.....	6
4.3 Bierverv.....	6
5. Rapportering.....	6

## 1. Innleiing

Helse Vest RHF viser til styringsdokument for 2023 vedteke i føretaksmøte den 16.02.2023. Som følge av Stortingets behandling av Prop. 118 S (2022-2023), jf. Innst. 490 S (2022-2023), sender Helse Vest RHF med dette ut eit tilleggskdokument til styringsdokumentet for 2023.

## 2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasientsikkerheit

Arbeidet med riktig og god bruk av personell og kompetanse skal styrkast med basis i ivaretaking av forsvarlegheitskravet. I denne samanheng er det viktig at tenestene blir organisert effektivt og bygde nedanfrå, med utgangspunkt i fagarbeidarkompetanse. Samtidig må riktig og god oppgåvedeling, mellom alle personellgrupper, fremmast og ivaretakast.

Dei regionale helseføretaka arbeider for å rekruttere og utdanne fleire fagarbeidarar som er relevante for helse- og omsorgstenestene. Det er i arbeidet rom for lokale og regionale tilpassingar, slik at ulike behov blir ivareteke på ein føremålstenleg måte. Dette omfattar også å vurdere moglegheitene for samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og dei kommunale helse- og omsorgstenestene i utdanning av fagarbeidarar. Desse tiltaka, saman med nye oppdrag gitt nedanfor, vil vere viktige i regjeringa sitt fagarbeidarløft.

- Stortinget har i samband med revidert nasjonalbudsjett 2023 løyvd 30 mill. kroner til å etablere eit felles program for betre bruk av personellressursane i heile helse- og omsorgstenesta med utgangspunkt i erfaringane frå TØRN-prosjektet. Programmet skal bidra til forsøk med nye arbeids- og organisasjonsformer og oppgåvedeling på tvers og innanfor tenestekområde, -nivå og verksemder i helse- og omsorgstenesta. Dei regionale helseføretaka skal i samarbeid med KS og Helsedirektoratet følge opp ei utviding av TØRN-prosjektet til å omfatte heile helse- og omsorgstenesta. Helseføretaka skal på førespurnad bidra i dette arbeidet.
- Dei regionale helseføretaka skal setje i gang regionalt strukturerte arbeid for å fremje riktig oppgåvedeling mellom personell og effektiv organisering ved å vurdere og systematisere kompetansebehovet i ulike arbeidsprosessar. Arbeida skal minimum omfatte:
  - Utvikle, etablere og vedlikehalde dokumentasjonssystem for medarbeidarar sin formelle og reelle kompetanse.
  - Kartlegge omfang og type oppgåver som er føremålstenleg for oppgåvedeling mellom ulike helsepersonellgrupper, under dette kva for ein helsefagleg kompetanse som er nødvendig for å utføre oppgåvene, eller eventuelt om oppgåveutføring kan ivaretakast av personell utan helsekompetanse.
  - Kartlegge ansvarsforhold som følger med oppgåveutføring.

Dei regionale helseføretaka skal også samarbeide om å etablere ein eigna arena for deling av erfaringar frå arbeida.

Helseføretaka skal på førespurnad bidra i dette arbeidet.

### **Kliniske behandlingsstudiar**

Riksrevisjonen anbefalte i si undersøking av kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka, at Helse- og omsorgsdepartementet og dei regionale helseføretaka vurderer om oversikta over behandlingsstudiar på helsenorge.no fungerer etter intensjonen, og om det er eit tilstrekkeleg verkemiddel for at pasientar og helsepersonell får likeverdig informasjon om tilgjengelege studiar.<sup>1</sup> Det blir meldt om utfordringar knytt til dagens løysing, med omsyn til komplettheit, tilgjengelegheit og funksjonalitet. Oversikta inngår som ei sentral nasjonal fellesløysing for behandlingsstudiar.

For å styrke tenestene sitt eierskap vil departementet overføre ansvaret for utvikling, finansiering og drift av ein nettportal med ei tilnærma sanntidsoversikt over behandlingsstudiar frå Helsedirektoratet til dei regionale helseføretaka. Dei regionale helseføretaka er gitt i oppdrag å:

- Utarbeide ei funksjonsbeskriving av dagens og framtidige behov for ei sanntidsoversikt over behandlingsstudiar, for høvesvis pasientar, helsepersonell og forskarar.
- Vurdere om sanntidsoversikta kan leggst til NorTrials-partnarskapet og/eller i samarbeid med infrastrukturen NorCrim, for ei tettare kopling til helsenæringa sitt informasjonsbehov. Det skal vurderast om oversikta kan inkludere studiar som blir gjennomført av helsenæringa, og om det kan vere fordelar ved å kople arbeidet til kompetanse og relevante arbeid i nettverket NorCrim.
- Legge til rette for, i samarbeid med Norsk helsenett og Helsedirektoratet, koplingar til helsenorge.no med informasjon som er tilpassa pasientar, pårørande og helsepersonell.

Ein bør sjå til tilsvarende løysingar i Sverige og Danmark. Arbeidet skal finansierast over øyremerka tilskot til forskning, kap. 732, post 78.

### Helse Vest RHF gir helseføretaka i oppdrag å:

- bidra i dette arbeidet på førespurnad. Helse Vest RHF vil saman med dei andre regionale helseføretaka avklare fordeling av arbeidet. I Helse Vest kan det særleg vere aktuelt å be om bidrag frå NorTrials-sentra og NorCrim.

---

<sup>1</sup> [Undersøkelse av kliniske behandlingsstudier i helseforetakene \(riksrevisjonen.no\)](https://www.riksrevisjonen.no/undersokelse-av-kliniske-behandlingsstudier-i-helseforetakene)

## **Kjønnsinkongruens**

Det blir vist til UKOMs rapport om pasientsikkerheit for barn og unge med kjønnsinkongruens, der dei anbefaler at pubertetsutsettande behandling (pubertets-blokkarar) og hormonell og kirurgisk kjønnsbekreftande behandling for barn og unge blir definert som utprøvande behandling. Vidare anbefaler UKOM at det bør vurderast oppretta eit nasjonalt medisinsk kvalitetsregister for behandling av barn og unge med kjønnsinkongruens og kjønnsdysfori. Dei regionale helseføretaka er bedne om å vurdere korleis UKOMs anbefalingar kan følgast opp gjennom dei etablerte systema for kunnskapsgenerering og handtering av utprøvande behandling, under dette nasjonale medisinske kvalitetsregister og nasjonale kliniske behandlingsstudiar.

### Helse Vest RHF gir helseføretaka i oppdrag å:

- bidra på førespurnad i arbeidet. Helse Vest RHF deltar i eit nasjonalt arbeid for å betre pasientforløpa lokalt, regionalt og nasjonalt, og Helse Vest RHF har bedt Helse Bergen HF om å etablere eit regionalt senter for kjønnsinkongruens. Helse Vest RHF vil be helseføretaka om å tilpasse tilbodet sitt til dette arbeidet.

## **Unntaksordning for Nye metoder**

Helse Vest RHF sendte 13.06.2023 brev til helseføretaka om praktisering og oppfølging av unntaksordninga for Nye Metoder. Helse Vest visar til dette brevet.

### Helse Vest RHF gir helseføretaka i oppdrag å:

- innrette tilbodet sitt etter innhaldet i brevet.

## **3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp**

Nasjonale fagleg retningslinje om demens, anbefaler at utvida utgreiing ved mistanke om demens blir foreslått gjennomført i spesialisthelsetenesta når basal utgreiing ikkje har vore tilstrekkeleg for å stille diagnose. Utgreiing og diagnostisering av demens skjer i mange tilfelle for seint i sjukdomsforløpet eller blir ikkje gjennomført i det heile tatt. Det er eit mål i [Demensplan 2025](#) å styrke arbeidet med riktig diagnose til rett tid. I denne samanhengen er det behov for å vurdere organiseringa av utgreiing av demens i spesialisthelsetenesta og styrke samarbeidet med kommunane. Det er vidare behov for ei meir einskapleg organisering av utgreiing av demens, slik at pasientane ikkje opplever uberettiga variasjon i utgreiing i spesialisthelsetenesta.

Dei regionale helseføretaka skal, under leiing av Helse Sør-Aust RHF, greie ut ein føremålstenleg organisering av utgreiing av kognitiv svikt og demens i spesialisthelsetenesta, der det også blir beskrive modellar/mekanismar for samarbeid med fastlegar og eventuelt andre delar av kommunane si helse- og omsorgsteneste, som hukommelsesteam. Frist for oppdraget er 1. september 2024. Helseføretaka skal på førespurnad bidra i dette arbeidet.

Regjeringa skal legge fram ei stortingsmelding om det prehospitale området. Helse- og omsorgsdepartementet har bedd Helse Vest RHF om innspel til meldinga innan utgangen av 20. desember. Innspel bør peike på hovudutfordringane i den akuttmedisinske kjeda og korleis

eit godt tenestetilbod med kort responstid kan oppretthaldast. Ein ber i tillegg om at innspel belyser følgande:

- Korleis helse- og omsorgstenesta kan få til betre samhandling mellom sjukehus og kommune om akuttmedisinsk beredskap og ressursutnytting, under dette moglegheiter for betre/meir samarbeid mellom legevakt, KAD/ØHD, ambulansetenesta og akuttmottaka.
- Gode parameter for aktivitet og drift i akuttmottak som kan breddast ut nasjonalt (jf. Nasjonal fagleg retningslinje for somatiske akuttmottak).
- Ei vurdering av korleis høg grad av beredskapstid i ambulansetenesta kan brukast mest mogleg effektivt ved å legge til rette for at ambulansepersonellet kan gjere oppgåver for den kommunale helse- og omsorgstenesta.

Helse Vest RHF vil etablere og leie ei regional arbeidsgruppe, med deltakarar frå helseføretaka, for å svare ut dette oppdraget. Nærare informasjon kjem i eige brev.

## 4. Andre oppdrag

### 4.1 Specialisthelsetenester til militært personell frå utlandet

*Avtale mellom partene i Traktat for det nordatlantiske område om status for deres styrker, NATO SOFA, regulerer rettar og plikter for væpna styrkar som er omfatta av avtalen og som er i teneste på annan part sitt land. Dette inneber at militært personell skal få tenester på same vilkår som vertsnasjonen sine innbyggjarar. Gjennom Avtale mellom de stater som er parter i Traktat for det nordatlantiske område og de øvrige deltakerstater i Partnerskap for fred, om status for deres styrker, blir Ukraina definert som del av NATO SOFA fordi Ukraina er deltakarstat i Partnerskap for fred.*

Det blir vist til tidlegare NATO-øvingar der Noreg har vore vertsland for øvinga og ansvarleg for vertslandsstøtte, irekna å yte nødvendige specialisthelsetenester til deltakande alliert militært personell og militært personell som inngår i Partnerskap for fred, så lenge dei oppheld seg i landet. I den samanheng har det blitt stilt krav om at tenestegjerande militært personell under NATO-øvingar, som ikkje er omfatta av EØS-avtalen eller tilsvarande avtalar, blir gitt tilgang til specialisthelsetenester utan etterfølgande fakturering frå norske myndigheiter. Noreg er vertskapsland for militært personell frå Ukraina som er inviterte hit for å få militær opplæring i Noreg.

Helse Vest RHF gir helseføretaka i oppdrag å:

- sørge for at tenestegjerande alliert militært personell under NATO-øvingar og anna militært personell som inngår i Partnerskap for fred, som er under opplæring i Noreg og som ikkje er omfatta av EØS-avtalen eller tilsvarande avtalar, blir gitt tilgang til specialisthelsetenester utan etterfølgande fakturering frå norske myndigheiter. Dette

gjeld og fakturering for eventuell eigendel. Personell som har Europeisk helsetrygdekort eller tilsvarande avtalar, blir handtert på vanleg måte.

## 4.2 Donasjon av ambulansar mv. til Ukraina

Stortinget har vedteke at Ukraina sitt behov skal liggje til grunn for den norske innsatsen for å støtte Ukraina. Støtta skal koordinerast med ukrainske myndigheiter. Det er vidare vedteke at bistand til Ukraina i hovudsak skal skje gjennom etablerte kanalar. Helsedirektoratet er gitt i oppdrag å koordinere arbeidet med donasjonar frå helsesektoren gjennom EUs sivile beredskapsmekanisme, UCPM, ved vurdering av førespurnad om bistand frå Ukraina. Dei regionale helseføretaka er bedne om å melde inn informasjon om legemiddel, medisinsk utstyr, personleg verneutstyr eller anna som spesialisthelsetenesta ønskjer å tilby Ukraina for donasjon gjennom UCPM, til Helsedirektoratet.

Ambulansar er framleis etterspurde frå Ukraina. Gjennom UCPM har Noreg til no donert 12 ambulansar og fem ambulansebussar, og leveranse av fleire ambulansar er under arbeid. Utanriksdepartementet har godkjent finansiering av istandsetting/service og transport av ambulansane til Ukraina over kap. 159 post 73, Ukraina og naboland.

Det kan vere aktuelt med bistand frå dei regionale helseføretaka i samband med vurderingar og gjennomføring av vedtak om donasjon og anna hjelp til Ukraina. Til no har dette blant anna omfatta bistand til istandsetting av ambulansebussar for donasjon, legemiddel mv.

### Helse Vest RHF gir helseføretaka i oppdrag:

- at ambulansar som skal fasast ut og er eigna for formålet, blir vurdert for donasjon til Ukraina. Dette gjeld førebels i 2023 og 2024. Helse Vest RHF vil komme tilbake med informasjon om eit system for innmelding.

## 4.3 Bierverv

Det blir minna om tidlegare krav som er stilt innan området bierverv. Det er viktig at etablerte ordningar om meldeplikt og ryddig praktisering mv. blir etterlevd i helseføretaka. Dei regionale helseføretaka er bedne om å sjå til at aktuelle retningsliner, meldeplikt, lovgiving og gjeldande avtalar er godt kjente og blir etterlevd av alt personell i helseføretaka, slik at det ikkje kan bli reist spørsmål ved dei tilsette sin integritet, habilitet og uavhengigheit.

### Helse Vest RHF gir helseføretaka i oppdrag:

- å bidra til å realisere oppdraget Helse Vest RHF har fått knytt til bierverv.

## 5. Rapportering

Helse Vest RHF ber om rapportering på alle tilleggsoppdraga i årleg melding for 2023, om ikkje annan svarfrist er oppgitt.